

# Den fantastiske hjernen

Er det ein ting du skal vere veldig glad for, så er det at du har ein hjerne. Det er mange utrulege og fantastiske ting med hjernen din, men det aller mest morosame er at heile hjernen din kan snakke med seg sjølv. Alt du opplever, blir lagra i hjernen din, og alt du kan, veit hjernen din om. Og så kan han kople saman alt saman. Altså: Om du har sett eit bilde av ein sjiraff ein gong, og så har du sett ein maur, og så har du sett ein prikkete kjole, og så har du sett eit helikopter. Då er det ikkje noko problem for hjernen din å kople alle desse tinga saman. Og då får du for eksempel ein mauraff med grønne prikkar og propell på hovudet. Eller kanskje kan du få ein flygande sjiraur med prikkete kjole? Og det er det som blir kalla fantasi, når hjernen din puttast saman dei raraste ting og gir deg hårreisande idear eller hysteriske bilde i hovudet ditt. Det betyr at jo betre hjernen din er til å kople saman all informasjonen, jo meir morosamt får du det. Og jo fleire ting hjernen har å velje mellom, jo sprekare idear får du. Det fine er at det er mogleg å trimme hjernen så han blir sprekare og sprekare. Ein glad hjerne er ein bra hjerne.

*Vera Micaelsen*